

BACHELOROPPGÅVE

Kvinne i Y-teneste

av
Sigrid Sandal - 405

Historie

SA523

Mai 2013



Forord

Eg vil gjerne særskild takke min vegleiar Anders Timberlid og Rene Akeroyd Pedersen som har latt seg intervjuje og gitt litteratur.

Noko av bakgrunnen for å ville skrive denne oppgåva, er at den omhandlar eit tema som er lite kjent, særleg i Noreg. Men også fordi dette er ei personleg historie for mi bestemor, men den angår også heile familien. Det gjer meg noko opprørt at det er slik mangel på **anerkjenning** av det arbeidet som vart gjort i Ultra, og då Y tenesta spesielt. Då er det kanskje opp til den yngre generasjonen og samle og dokumentere desse historiane før dei blir tapt, og dei som kunne fortalt dei ikkje er med oss lengre. Som Rene seier sjølv; *det fyrste som går tapt i ein krig, er sannheita, og det veit eg å vere sant.*

Innholdsliste

Forord 1

Innleiing 3

Problemstilling 4

Kjeldepresentasjon 4

Kvifor muntleg kjelde 5

Korleis bruke muntlege kjelder 6

Kjeldekritikk 6

Bakgrunen for Ultra 9

Beaumanor Y stasjon 10

Viktigheita av hemmelegald 17

Avslutning 18

Litteraturliste 20

Vedlegg A: bilete 22

Vedlegg B: Women at War 23

Innleiing

Denne oppgåva handlar om kvinners krigsinnsats i Storbritannia under andre verdskrig. Ein svært viktig del av arbeidet til det britiske forsvaret var å avdekke kommunikasjonen og planane til fienden. Å avlytte og å tyde meldingane til tyskarane vart eit avgjerande punkt i krigshistoria.

Etter fyrste verdskrig innsåg dei europeiske maktene at dei hadde eit problem, nemleg hemmeleg kommunikasjon. Då fyrste verdskrig braut ut kommuniserte landa nasjonalt og med kvarandre ved hjelp av telegraf. Trådlus radio var endå ikkje i bruk og telegraf var sårbart. Då fyrste verdskrig braut ut løfta Storbritannia opp Tyskland sine kablar i den Engelske kanal og øydelagde dei. Såleis isolerte dei Tyskland kommunikasjonsmessig.¹ Eit anna problem var at dei kodane ein sendte til kvarandre i seg sjølv var dårlege, fekk fienden tak i ei kodebok eller tabellar var heile koden fånyttas. Derfor, etter fyrste verdskrig, starta dei europeiske landa å lage seg nye system for hemmeleg kommunikasjon, og no var også trådlus radiokommunikasjon tilgjengeleg. Storbritannia klarte i mellomkrigstida og i like før av andre verdskrig å sette i gong ein stor organisasjon for radiospijasje og kryptologi. Government Code & Cipher School (GC & CS), var eit mindre departement var kodeknekkingsavdelinga i utanrikstenesta². GC&CS vart i mellomkrigstida utvida, og då andre verdskrig braut ut, hadde Britane allereie eit apparat som høyrte på, registrerte, vidaresendte, omkoda og las tysk morsekommunikasjon. Operasjonen i sin heilheit vart kalla for Ultra, og var eit meisterverk av intellektuell genialitet³. Dette arbeidet var i hovudsak utretta av kvinner. I ettertid har ingen av dei som arbeidde med Ultra fått noko offentleg anerkjenning for deltakinga deira, men vart pålagt streng tausheitsplikt⁴. Mi bestemor, Rene Akeroyd Pedersen var radiooperatør frå 1943 og til krigen slutta i 1945. Ho lytta til og transkriberte koda tyske meldingar i morseform, og desse vart sendt til hovudkvarteret for Ultra-operasjonen. Ho hevdar sjølv at den tidlegare britiske statsministeren Winston Churchill sa at denne operasjonen mest truleg forkorta andre verdskrig med minst to år.

¹ Ratcliff.2006:23-24

² McKay.2010:9

³ Paterson.2007:9

⁴ Paterson.2007:9

Problemstilling

På kva måte kan muntlege kjelder gje ny innsikt i verksemda på Y stasjonar i England under andre verdskrig? I denne oppgåva vil eg freiste å finne ut kva mi bestemor, Rene Akeroyd Pedersen var med på under krigen, og om hennar forteljing kan bringe fram perspektiv som ikkje er fremja i litteraturen på området. Slik som til dømes forholda for kvinner i militæret og korleis krigen virka på ulike sider ved samfunnet. Eg har brukt intervju, i tillegg til å sjå på kva andre veteranar har sagt og skrive om emnet

Kjeldepresentasjon

Dei viktigaste skriftlege kjeldene mine er to verk av Sinclair McKay; *The Secret life of Bletchley Park* (2010) og *The Secret Listeners- How the Y-service Intercepted German Codes for Bletchley Park* (2012). Det fyrste verket vart ein Sunday Times- bestselgar og tek for seg livet på Bletchley Park i stor grad gjennom sitat og beretningar frå dei som arbeidde der. *The Secret Listeners* (2012) er bygd opp på same måte. Eit anna verk eg har lagt stor vekt på i oppgåva er Joan Nicholls sitt verk *England Needs You – The Story of Beaumanor Y Station*. Ho var i hæren og tenestegjorde på Beaumanor som Special Wireless Operator. Verket er ei særskild grundig beskriving av Beaumanor, både før og i krigstid, men er også delvis sjølvbiografisk.

Som muntleg kjelde har eg fått to intervju med Rene Akeroyd Pedersen, det siste 15.05.13. Ho er født som Irene Akeroyd i Leeds, England 14. desember 1925. Etter krigen møtte ho bergensaren Roald Helèn Pedersen i England, og ho gifta seg med han i Bergen i 1952. Ho har seks born, 15 borneborn og eitt olderborn. Som vaksen fullførte ho norsk vidaregåande opplæring og tok cand. mag ved Universitetet i Bergen i litteratur og fransk. Ho har arbeida som lærar i engelsk og fransk på blant anna Laksevåg Gymnas og Folkeuniversitetet. Som pensjonist heldt ho framleis på med språk i konversasjons- og litteraturgrupper i Bergen, heime hjå seg sjølv. Ho har også gjort undersøkingar sjølv om krigen, Bletchley Park og kva ho eigentleg var med på.

Kvifor muntleg kjelde

Muntlege kjelder har ei rekkje fordeler og ulemper. Men kva som er fordeler og ulemper ved ei type kjelde, er avhengig av kva ein skal bruke kjelda til og på kva måte. Generelt kan ein seie at muntlege kjelder, særleg når dei er primærkjelder til ei hending, gir ei langt meir personleg innsikt i ei hending enn kva til dømes offentlege dokument kan. Muntlege kjelder kan også fortelje om kjensler, haldningar og verdiar, på ein direkte måte. Der ei muntleg kjelde kan fortelje om korleis det var å vere ung og forelska i 1940 åra kan ei kyrkjebok berre dokumentere oppretting av ekteskap. Ei slik innsikt meiner eg er ein verdi i seg sjølv, men det er ikkje uproblematisk å gjere seg nytte av denne typen kjelde.

I fylgje Knut Kjeldstadli (1999) finns det fleire argument for bruk av muntlege kjelder, blant tanna nemner han at dei kan vere til hjelp for å både spore opp, men også utfylle skriftlege kjelder. Fleire av dei verka eg har nytta meg av i denne oppgåva har eg fått tips om og lånt av Rene. Ho har sjølv satt seg inn i og freista å finne ut kva ho har vore med på, og kan også peike på ei rekke faktafeil i dei verka ho har lest. Blant anna verket av McKay om Y-stasjonar fekk eg tilgang til gjennom henne. Ho hadde verket, ettersom ho er sitert i det.

Muntlege kjelder og minne kan komme med opplysningar ein ikkje finn andre stader, og å motverke skeivheiter i den historieskrivinga som allereie eksistere. Til dømes kvinneperspektivet kan koma betra fram gjennom muntlege kjelder⁵. Korleis livet i heimen var, er sjeldan eit tema i historieskrivinga; og om ein skal sette det på spissen; skreive om menn, av menn og for menn. Eit anna aspekt ved å jamne ut skeivheiter er at ikkje alle kjelder kan skrive eller dokumentere historia sjølv, då er muntlege beretningar ein måte å dokumentere på. Her er det ikkje berre snakk om til dømes analfabetar, men også til dømes born, som ikkje kan skrive historiske dokument.

Eit anna moment er at minnesamling gir ei høve til større innleving i forteljingane. Minnesamlingar kan gi illustrerande beskrivingar og brukast til å illustrere andre skriftlege kjelder⁶. Rene gir inntrykk av historia gjennom non-verbale uttrykk som humring, latter og smil, som sjølvstilt påverkar korleis ein tolkar informasjonen. Dei muntlege kjeldene framstiller ofte også seg sjølv i ein narrativ form, der adjektiv og beskrivingar er sentral. Slike element er meir sjeldan i skriftlege kjelder, som til dømes offentlege dokument og faglitteratur.

⁵ kjeldstadli.1999:194-195

⁶ Kjeldstadli.1999:193-194

Korleis bruke muntlege kjelder

Kaldal (2008) hevdar at ein minne kan beskrive forhold, avsløre verdier og haldningar og skape ny haldningar og verdier. Ulike lag av betyding krev ulike metodiske grep⁷. I behandlinga av minnet er det tre sentrale spørsmål ein bør stille til kjelda; 1) kva fortel den? 2) kva har skapt kjelda? og 3) kva har kjelda skapt? Kaldal (2008) hevdar såleis at muntlege kjelder kan behandlast med same metodiske grep som ein kvar annan gjenstand, om ein betraktar gjenstanden som eit minne⁸. For å analysere ei kjelde, og innhaldet i kjelda meiner så Kaldal at ein bør ta for seg desse tre spørsmåla.

Ei utfordring ved å skrive denne oppgåva, er at eg behandlar den muntlege kjelda som ei biografisk kjelde. Så langt eg har sett finns det lite metodiske modellar eller framgangsmåtar for å bruke muntlege kjelder på denne måten i historieforskinga. Grunnverka i samfunnsvitskapleg metode nemner ikkje muntlege kjelder til biografisk bruk. Eg forstår det slik at desse verka tek utgangspunkt i å bruke minnesamlingar og intervju av informantar i hovudtrekk på to måtar. Den eine måten er for å illustrere allereie eksisterande skriftlege kjelder. Den andre måten er å bruke fleire informantar og skrive historie på bakgrunn av kva desse kjeldene har å bidra med som heilheit. Dette er ikkje ein slik bruk eg nyttar meg av, og den metodiske utgreinga byr då på ekstra utfordringar. Til dømes blir spørsmålet om kjelda eller kjeldene mine er relevant, irrelevant, ettersom det er innhaldet i kjelda eg studerer. Kjelda blir brukt til å belyse eit historisk spørsmål, men problemstillinga handlar om på kva måte, og ikkje kor vidt kjelda kan brukast til dette. Slik eg ser det blir biografiske forteljingar i hovudsak brukt representativt, for å forklare ei hending eller forhold, og i mindre grad sjølvstendig. Kor vidt kjelda er legitim er også eit irrelevant spørsmål, sidan det er kva kjelda opplevde, og meiner at skjedde som er grunnlaget for studia.

Kjeldekritikk

Som med alle historiske oppgåver finns det kjeldekritiske punkt. I forhold til mi muntlege kjelder er kanskje feilerindring og gløymse av dei viktigaste. Rene, informanten min blir 88 år i 2013, og hendingane ho fortel om er datert over 70 år tilbake i tid. I fylgje Kjeldstadli er det ingen enkel lineær samanheng mellom tidsavstand og gløymse⁹. Korleis minnet forandrar seg over tid finst det ingen malar på, det er heilt individuelt. Rene har framleis eit godt minne

⁷ Kaldal.2008:668

⁸ Kaldal.2008:668-669

⁹ Kjeldstadli.1999:196

og det kan verke som at hendingane under krigen står sterkare i minnet enn andre hendingar i nyare tid. Ho har også ein sterk detaljrikdom i beretninga si, til trass for at ho også har gløymt ein del. Dette er noko ho er bevisst på sjølv. Ei av årsakene til at mykje står så sterkt i minnet, kan vere at ho framleis har dagbøkene som ho skreiv under krigen. Ein annan ting ein skal ta med i vurderinga, er at alle som arbeidde med Ultra var underlagt taushetsplikt fram til 1974. Og det kan tenkast at dette hemmelegghaldet på mange måtar har konservert desse minna. Sinclair McKay skriv i si bok om dei som arbeidde på Bletchely Park, at han opplevde at informantane har ein spesiell livaktigheit og klarheit i forteljingane sine. Han skriv vidare at dette kan ha med at fortellingane deira ikkje har blitt endra på eller dradd ut gjennom gjentekne gjenforteljingar og overleveringar ¹⁰

Men ein må også ta høgde for at kva ein hugse om fortida er i intervjusituasjonen og i samtida prega av dei erfaringane og haldningane som informanten sit med i dag. Ein analyserer gjerne seg sjølv og sine opplevingar annleis gjennom tid. Korleis ein opplevde noko for 10 år sidan, kan ein ha ei anna oppleving av i dag. Gjerne blir opplevingar enten over- eller underdrive gjennom tid. Det fleste kjenner til fiskehistoriar der fisken blir større og større, jo eldre forteljaren blir, eller forteljingar der ein bagatelliserer det som skjedde. Korleis biletet til Rene har forandra seg gjennom livet hennar er det vanskeleg å seie noko om. Desse opplevinga har ho haldt til seg sjølv fram til slutten av 1980-talet, så dei har ikkje hatt god tid på å bli overdrive gjennom gjenforteljing. Eit anna moment er at ho har lest mykje litteratur på emnet, og besøk til dømes Bletchley Park Museum. Det er meir truleg at hennar historie er blitt konfirmert gjennom andre verk. I det minste er dei blitt samanlikna, for Rene kan peike ut feil i fleire av verka som omhandlar emnet.

Sjølve intervjusituasjonen bør også gjennomgå nokre kjeldekritiske punkt. For å få gode svar og relevant informasjon er det first og fremst viktig å vere godt forberedt som intervjuar. Det inneber å ha god innsikt i tema som informanten skal fortelje om, men også om å ha gode spørsmål. Leiande spørsmål vil berre gi dei svara spørsmålet leiar til, skal ein få informanten til å fortelje, uavhengig av kva informanten sjølv trur at ein er interessert i som intervjuar, kan ein ikkje bruke leiande spørsmål.

Sjølve intervjuet og intervjusituasjonen vil også kunne prege den muntlege kjelda. Korleis informant og historikar oppfører seg, og korleis samspelet er mellom dei to partane kna påverke innhaldet i intervjuet. Kva reaksjonar intervjuaren forventar frå informanten styrer,

¹⁰ McKay.2010:5

bevisst eller ubevisst kva problemstillingar som blir gitt. Også leiande spørsmål og at informanten gir dei svara ho eller han trur intervjuaren vil ha påverkar kva informasjon som blir gitt¹¹. Ei anna side av saka er at ein som forskar ilegg sjølv beretninga eigenskapar. Oftast tyr vi til å tenke at sjølv narrasjonen har enkelte grunnmønstre med sine føringar. Dei fleste fortel enten ein samanhengande forteljing med stor kontinuitet, medan andre brukar ein to-delning av forteljinga, ein før og no deling. Kjeldstadli hevde at

«Disse vanskelige sidene ved intervjuformen må imidlertid balanseres mot de mulighetene den gir for å rette opp misforståelser, utdype, få tak i nye vinkler osv.»

Kjeldstadli.1999:196

Dette fører til at informantar gjerne kan overdrive eller pynte på verkelegheita¹². Men ein bør også sjå dette i samanheng med at når informanten ser tilbake i fortida si, er det ein prosess i seg sjølv; der ein konstruerer eit bileta av si eiga fortid, basert på delar av minne. Kva minne ein hentar fram er delvis assosiativt og ein er sjeldan bevisst sjølv på kva, og kvifor nettopp desse minna blir henta fram. Vi skapar ein identitet for oss sjølv, og som vi presenterer for omverda gjennom elementa frå fortida vår. Ein kan til ei viss grad påverke minna til informanten gjennom kva spørsmål ein stiller, gjennom spørsmål som er spissa men ikkje leiande, freistar ein å få informanten sjølv til å reflektere og svare så godt som mogleg. Dette kan mellom anna gjerast ved å stille nye spørsmål, som informanten ikkje har fått før, eller be informanten utbrodere detaljar som tidlegare ikkje har vore ein sentral del av beretninga. Har informanten blitt intervjuar før om tema, av andre eller same intervjuar, kan ein måte å få ut nye og gode opplysningar vere å bryte mønsteret frå tidlegare intervju.

Kan vi vite om dei muntlege kjeldene snakkar sant? Mest truleg ikkje, kva som er sant, eller om det i det heile finst noko som er sant er ein evig diskusjon, både blant historikarar og i vitskapsteorien. Vi kan kanskje i enkelte tilfelle finne ut at ein informant kjem med informasjon som er motstridande i høve til informasjonen frå fleire andre informantar angående same forhold. Dei muntlege kjeldene kan brukast til å fortelje kva informanten opplever eller meiner skjedde. Vi kan med større sikkerheit stadfeste forhold i historia når fleire informantar konfirmerer kvarandre, men dette kan framleis ikkje stadfestast som 'sant', det er opplevinga til kollektivet.

Jostein Lorås skriv i historisk tidsskrift i 2007 at

¹¹ Kjeldstadli.1999:196

¹² Lorås.2007:442

Informanter har er utvilsomt behov for selv å tolke sin historie, som motvekt til de autoriserte versjonene. Lorås.2007:439

I intervjuet får vi fram informanten si oppleving av kva som skjedde, og den opplevinga må ein også ta høgde for at har forandra seg over tid, saman med endringar i erfaring, verdiar og haldningar.

Bakgrunnen for Ultra

I forkant av andre verdskrig bestod kryptering av kodebøker og tabellar som ein skreiv og knekte kodar etter. Dette var eit særst tidkrevjande system, som også var svært sårbart¹³. Etter fyrste verdskrigen derimot kom det kode- maskiner. Den mest kjente er den tyske enigma, men også amerikanarane, japanarane og britane hadde sine elektro-mekaniske krypteringssystem .

Enigma maskina kom etter fyrste verdskrig, og var ein av fleire i sitt slag. Oppfinnaren, Hugo Alexander Koch selde patenten på maskina til den tyske fabrikk eigaren Arthur Scherbius som sette maskina i produksjon. I 1920 tok den tyske marinen enigma maskina i bruk, med nokre modifikasjonar¹⁴. Då andre verdskrig braut ut, hadde tyskarane endra på enigma, til å ha endå større sikkerheit, og den var i bruk i alle greiner av militæret, politiet, togverket og nazi-partiet. Enigma- maskina fanst i ulike variantar, for å auke sikkerheita ytterlegare¹⁵.

På høgda av konflikten sendte den tyske krigsmaskina ut over 2000 radiomeldingar om dagen, naturleg nok, når desse meldingane vart knekt og lest, omhandla dei eit vidt spekter av informasjon og tema¹⁶.

I forkant av andre verdskrig oppretta britiske styresmakter ein permanent organisasjon; Government Code & Cipher School (GC&CS), hovudkvarteret for denne organisasjonen var under krigen Bletchley Park, også kalla X station. I GC&CS var det også ei rekke Y stations, som låg spreidd over Storbritannia og verda. Y seksjonen og stasjonane var hærens spesialisteining for telekommunikasjon. I fylgje Paterson vart Y- seksjonen fyrst oppretta i Palestina i 1924 for kommunikasjon i militæret i utlandet, men utover i mellomkrigstida var det bestemt at ein skulle opprette ei Y seksjonsteneste for kontraspionasje også innanriks. I

¹³ Ratcliff.2006:11

¹⁴ Ratcliff.2006:1-2

¹⁵ Ratcliff.2006:2

¹⁶ Paterson.2007:20

1939 hadde Storbritannia den største kommunikasjonssystemet for ei etterretningstenesta i verda¹⁷.

På norsk har ein berre eitt ord for kode, medan på engelsk er det eit skilje mellom «code» og «cipher». «Code» blir brukt om meldingar der ord eller tall er erstatningar for rein tekst. Hensikta med ein kode, er at den ikkje skal sjå ut som ein kode, men ei uskyldig melding. Med omgrepet «cipher» har ein konvertert bokstavane ei melding, som gjer det umogleg å lese utan nøkkelen til systemet. Den enklaste cipher systemet ein veit om er monoalfabetisk cipher, der ein flyttar alle bokstavane eitt hakk fram, slik at A er B og B er C.¹⁸ Enigma maskinene produserte ciphers, men langt meir sofistikerte enn det monoalfabetiske. Det som er spesielt med knekkinga av enigma, var at ein ikkje berre knekte enkeltmeldingar, men at under andre verdskrig klarte dei allierte å knekke eit heilt system for kryptering¹⁹.

Beaumanor Y stasjon

Irene Akeroyd, som ho heitte då, meldte seg frivillig til militærtjeneste i juni 1943, 17 og eit halvt år gamal. Dette var seks månader før ho ville blitt innkalla. Unge jenter var freista til å melde seg eit halvt år før, med at dei då kunne få velje kva grein av militæret ein kom i. Rene, som dei fleste unge jenter den gongen, ynskte seg i marinen, mest på grunn av den sexy uniforma. Rene fortel at alle vart innkalla, utover krigen vart alle kvinner mellom 18 og 40 kalla nn til militærtjeneste, dei mellom 40 og 60 vart dirigert til sivile oppgåver. Det var ein heil nasjon i krig og i krigsteneste. Unntaket for å delta var dei sjuke og gamle, og kvinner med små barn. Ei av årsakene til at ein kalla inn så mange kvinner, var at det var mangel på folk. Etter fyrste verdskrig var det framleis mangel på unge menn, og dei fleste unge menn som var, vart sendt til å utføre kamphandlingar eller leie delar av militæret.

Rene vart plukka ut til å vere med i hæren, nærare bestemt Auxiliary Territorial Service, ATS, som berre var for kvinner. Der var også marine og flyvåpen for kvinner. Etter opptaket var det tid for ein månad med basistrening. Det bestod av marsjering og å adlyde ordre og noko fysisk trening. Rekruttane måtte også ta ei rekke vaksinasjonar, fysiske og psykiske prøvar. Ein vart også testa i intelligens og hørsel og måtte ha samtalar med psykolog. På bakgrunn av dette vart 2 av 200 rekruttar plukka ut til morsetrening på Isle of Man.

¹⁷ Paterson.2007:30

¹⁸ Paterson.2007:34

¹⁹ Ratcliff.2006:11-13

Då ho vart plukka ut og sendt til Isle of Man, visste Rene allereie at det ho skulle delta i var hemmeleg arbeid. På øya venta 4 månader med intens trening i morse, elektronikk og radioteknikk. Dei lærte seg ulike tabellar også, slik som Q kode systemet, som var eit internasjonalt system for morsemeldingar. Isle of Man bydde også på hard fysisk trening og Rene hugsar at mange gret. Å marsjere i oppoverbakke i nye, og gjerne for små sko var utfordrande og gav mange vatnblemmer. Ho fortel vidare at alle uniformene kom i ein standard storleik, så dei med noko ekstra på kroppen hadde det særskilt ukomfortabelt.

Opplæringa for å bli radio-operatør var ikkje ei lett, og det var få av rekruttane som kvalifiserte. McKay skriv at Y seksjon rekruttane måtte ha resultat på IQ testar over ein viss score, dei måtte tåle arbeidspress og ha tolmodigheit. Dei vart dei trende i å høyre, tyde og skrive ned morse i vanlege bokstavar, i stadig større fart, og med forstyringar. Dette var noko som tok på nervane. McKay skriv at det å transkribere morse i høg fart under stressande omgjevnader var i seg sjølv ein særskilt spesialisert arbeidsoppgåve. Men å gjere dette opp til 8 timar av gongen var noko heilt anna²⁰. Joan Nichols, som også var på Beaumanor, skriv i si bok at dei vart gitt 20 veker med opplæring, og at ho vart fortalt at denne opplæringa ville i fredstid blitt gitt over 3 år²¹.

Stillinga ein fekk etter treninga vart kalla for Special Wireless Operator og ho vart sendt til Beaumanor som var ein Y-stasjon. Ein slik y stasjon var underlagt det såkalla War Office Y Group, WOYG. Slike Y stasjonar eksisterte over heile det britiske imperium, ulike greiner at militæret heldt til på ulike stasjonar. Beaumanor var stasjon for hæren.

Kvifor Y-stasjonane er kalla for Y er fordi det kjem frå WI: Wireless interception. På engelsk uttalar ein bokstaven y likt som wi. Namnet passa også bra ettersom Bletchley park der all informasjon frå y-stasjonane vart sendt til, vart kalla for X stasjonen. Wireless interception kan på norsk omsetjast til trådløs avlytting. Og det var nettopp avlytting av radiosignal, sendt trådløst, ein dreiv med på desse stasjonane.

Sjølv Beaumanor var eit gammalt herskaps hus med tilhøyrande landområder rundt. Det tilhøyrde ein aristokratisk familie, Herring familien, som lånte det til styresmaktene under krigen. Huset låg like ved landsbyen Woodhouse Eaves i Leicestershire²². Hovudbygningen vart kalla for Beaumanor Hall og vart brukt til administrasjon og liknande. Rundt huset på

²⁰ McKay.2012:5

²¹ Nicholls.2000:17

²² Nicholls.2000:39

eigedommen låg ei rekkje andre mindre bygg som vart brukt som radiolyttestasjonar. Det var fire slike radioavlyttingsstasjonar, eller hytter om ein vil. Alle var kamuflert som bygningar som naturleg høyrte til på ein eigedom som Beaumanor Hall. Dette var den same strukturen som ein fant på Bletchley Park. Hyttene hadde namn etter bokstavar; H,I,J og K. Rene arbeidde i hytte K. To av desse hyttene såg ut som gardshytter, ein som låve og dei to siste som stallar. Hyttene hadde falske vindauge i fyrste etasje, men i verkelegheita var golvet i hytta langt høgre oppe, slik at vindauge var plassert rett under taket og såleis fritt for innsyn. Det var heller ingen stiar på eigedommen, verken mellom hyttene eller frå dei til hovudhuset. Dette vart gjort for å kamuflere stasjonen ytterlegare frå lufta²³. Beaumanor vart aldri bomba under krigen. (Rene, 15.5.13)



Bilete av Beaumanor²⁴

På Beaumanor arbeidde det Wireless Operators slik som Rene, og sivile radioekspertar. I tillegg var det ein administrasjon som sat i hovudhuset. Dei fleste av dei sivile radioekspertane middelaldrande menn. Ho hugsar dei som svært vennlege og hjelpsame. McKay skriv i si bok om Y-stasjonar at i åra før krigen, når radioen kom var det svært mange radioentusiastar som på hobby-basis bygde sine egne radio sendarar og mottakarar. Desse folka vart det bruk for under krigen²⁵.

I hyttene arbeidde ein om lag 10 jenter saman med sivile radio-ekspertar. Desse same ti jentene budde saman i militærleiren. Ein fekk ikkje lov å snakke om kva ein gjorde i si hytte

²³ Nicholls.2000:47

²⁴ <http://www.rememberingscotlandatwar.org.uk/Accessible/Exhibition/121/Wartime-Communication-Interception-24.05.13>

²⁵ McKay.2012:21

med folk frå dei andre hyttene, dette var av sikkerheitsmessige årsaker. På stasjonen var det propagandaplaktar som fortalte at det var viktig å ikkje prate om kva ein gjorde utanfor hyttene. Rene meiner at til og med dei øvstkommanderande i militærleiren ikkje visste kva som vart gjort på Beaumanor og kva jobb dei som arbeidde der hadde. *Vi kunne bli vekt opp ein halvtime etter at vi hadde lagt oss etter natteskiftet for å stille opp og helse ein eller annan major eller offiser som var på inspeksjon. Eg trur ikkje dei visste kva vi egentleg dreiv på med.*

Vaktordninga var slik at døgnet var delt inn i tre delar og ein arbeidde vakter på rad, og ein fri dag. Vekedagane vart gløymt og det var ikkje lett å vere like konsentrert. Særleg nattevakta som byrja kl. 24 og varte til 07 om morgongen var hard. Nokre gonger, på laurdagar hadde ho til og med vore og danse i landsbyen før nattevakta og minst ein gong skal ho ha brent seg sjølv på albogen for å halde seg vaken.

Sove gjorde Rene og dei andre jentene i gruppa i ein militærleir, like ved Woodhouse Eaves. Der var det også soldatar frå andre grupper som arbeidde i området rundt, men også krigsfangar var der. Rene hugsar at der var italienske og tyske krigsfangar der; som arbeidde med vasking og liknande. Dei italienske krigsfangane fekk gå rundt som dei ville, også på kveldstid, medan dei tyske konstant var under oppsikt. Rene fortel vidare at dei var veldig hyggjelege og greie. Dei teikna kanskje morsomheiter på skiltet i gangen som skulle vise at her sov det unge damer, men ikkje noko verre enn det. Enkelte av dei tyske krigsfangane var nede i 16år.

For å komme seg til Beaumanor, som låg fire engelske mil unna leiren, vart dei kjørt i militære lastebilar. Desse var kjørt av kvinner, som var utdanna militær sjåførar. Dei var veldig flinke seier Rene, men dei måtte gi oss bukser på grunn av transporten vår. Å klatre inn og ut av lasteplanet i skjørt, som for mange av jentene var alt for tronge, viste seg umogleg på ein sømmeleg måte. Derfor vart jentene utstyrt med bukser i staden. Dette skapte ein del merksemd, sidan kvinner ikkje gjekk med bukser den gongen. Rene hugsar at gutane i leiren lagde dikt eller songar som dei fekk høyre når dei gjekk forbi i buksene sine.

Ein ville kanskje tru at det ville skape enkelte spenningar med eit forsvar i krig, der gamle klasseskilje vart sett til side og kvar det var så mange kvinner i forhold til menn. At til dømes seksuell trakassering skulle vere utbreidd, men Rene seier at det var det ikkje. *Du må hugse at England hadde hatt kvinner i militæret sidan fyrste verdskrig, dette var ikkje noko nytt.*

Kvinner i uniform vart respektert, og kvinner som overordna vart respektert og behandla likt

som menn. *Det var aldri noko tull i jobben*, seier Rene. Men på fritida kunne menn vera noko pågåande.

Eit påfallande trekk ved Ultra, var den særskildne pragmatisk haldninga britane hadde i forhold til kva oppgåver som måtte utførast og kven som skulle utføre dei. Klasse og kjønn vart ikkje tillagt noko større tyding, her rekrutterte ein skarpe intellekt som var og kunne tilpasse seg arbeidet. McKay beskriv til dømes at store delar av landslaget i sjakk var rekruttert til Bletchley Park, og enkelte fagområder på universiteta sendte alle sine beste studentar til vurdering for arbeid med Ultra. Storbritannia har gjerne blitt oppfatta som eit land som er konservativt i haldningar til kjønn, og særleg sosial og økonomisk klasse. Rene fortel at også i hennar gruppa var det svært ulike bakgrunnar hjå jentene. Mange var frå arbeidarklassefamiljar, med berre grunnskuleutdanning, andre hadde eller heldt på med universitetsgradar.

Men pragmatikk og egalitet til trass, det var forskjellsbehandling mellom kjønna. Som kvinne fekk ein ikkje meir enn 2/3 av lønna som menn fekk, til trass for same grad og arbeidsoppgåver. Dette hugsar Rene at dei som jenter var opprørte over og synst var urettferdig. Ho fortel vidare at alle jentene sendte om lag halvparten av løna heim til foreldra, medan berre nokre av gutane gjorde det same. *Vi gjorde det for å hjelpe til heime, dei hadde jo mista ei inntekt ved at vi var i militæret. Mange av oss hadde jo jobba sidan vi var 14 år*, forklare Rene. Ho hadde sjølv starta å arbeide då ho var ferdig med grunnskulen som 14 åring.

Sosialt beskriv Rene dei to åra som fantastiske. Etter skift brukte ein tida på å sosialisere seg. Det var om lag ein time å gå til nærmaste landsby og der var det kino, teater, pub og dans på laurdagar. Som oftast hadde ho ikkje noko pengar, og det beste ho kunne håpe på var at nokon ville by dei på noko mat, ettersom dei alltid var svoltne. Som oftast var det berre drinkar ho fekk, og dei vart ofte berre tømte ut. Ein kunne ikkje drikke seg full, av frykt for å ikkje vere klar nok i hovudet til arbeidet, men også fordi ein kunne bli meir snakkesalig og røpe hemmelegheiter. På puben møtte ho andre soldatar, men også flyveteranar som var skada og ferdig med krigen. Dei hadde gjerne forferdelege skadar og arr i ansiktet eller manglande kroppsdelar. Dei fleste var ikkje i stand til å danse, men dei var veldig hyggjelege. Enkelte var gjerne skryteparar, medan andre gjorde skjemt med medaljane sine. Ein av vitsane som Rene hugsar, var at dei kalla utmerkinga D.S.O (Distinguished Service Order/ Framdragande teneste) for «dickie shot off» .

Elles vart det knytt sterke vennsksbandsband internt i gruppa. Billie Brown vart Rene si bestevenninne på Beaumanor. Dei var like gamle og skreiv bokmeldingar i avisa i leiren. Mykje av tida var brukt til å prate, særleg om mannfolk og romantikk, men også mykje politikk. England og Storbritannia var veldig totalitært under krigen. Du fekk ikkje velje, du vart dirigert ein stad. Krigsnektarar vart fengsla og alle måtte gjere sin del. Aviser vart sensurert og omfanget av tyske angrep svært underdrive. Dette vart gjort for å halde oppe moralen. I militærleiren snakka jentene om politiske idear som ein elles ikkje fekk høyre mykje om, på grunn av sensuren.

For utan sosiale aktivitetar og snakk, vart det i leiren dyrka grønsaker. Rene fortel dei dyrka reddikar, gulrøter og salat til eige bruk. *Det var noko vi sakna. I leiren var maten ofte dårleg, av og til roten, men også bra til tider.* Graut var noko irane, skottane og andre frå dårlege kår sette pris på. Medan andre som var vant med langt betre kost ikkje likte det. Graut var sett på som fattigmanskost utanfor England. Amerikanarane derimot, dei hadde overflod.

